

# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



### I dette nummeret kan du m.a. lesa:

«Våg og stå som Daniel»  
Nytt frå kyrkjeverje og sokneråd  
Faktum og bodskap,  
påskeandakt av Karl Johan Hallaråker  
Barne- og ungdomssider  
Konfirmantar dette året

Side 2  
Side 5  
Side 6  
Side 7-10  
Side 10





## Våg å stå som Daniel!

I tider som desse der samvitsfridomen vert sett under press, kan det vere til hjelp og trøyst å meditere over kva Guds Folk før oss har gjort i liknande situasjonar.

Lat meg understreke at som kristne må samvitnet vårt vere bunde i Guds Ord og Kyrkja sin tradisjon. Vi må då også syna respekt for andre standpunkt enn vårt eige. Men i det heile er menneske sine samvitsstandpunkt eit naudsynt moralisk korrektiv til både politiske, byråkratiske og kommersielle agendaer.

Daniel si soge er velkjend, både frå forkynning i kyrkje og bedehus, og barnesongen som har gjeve oss overskrifta i dag. Og Danielsboka i Bibelen er vel verd å lesa!

Daniel var ein av fire unge gutar som kom med på flyttelasset då babylonarane tok med seg mestedelen av jødefolket austover på 500-talet før Kristus.

Dei var «*kunnige i alle slag visdom, kunnskapsrike og lærenæme, skikka til å gjera teneste (for) kongen...*» (Dan.1,4b)

Men det ser ut som om de fire gutane ofte balanserte på kanten av ein knivs-egg. I eit land med ein annan kultur og religion vart trua deira ofte utfordra.

Om Daniel står det at «(han) merkte seg ut framfor dei andre...for det var ei makelaus ånd i han.» (Dan.6,4c) Kongen syntes så vel om dette at han ville «*setja Daniel over hele riket.*» (Dan.6,4b)

### II

Men Daniel sine medarbeiderar opplevde dette så trugande at dei prøvde å finna noko dei kunne sende klagemål mot Daniel for. Men dei fann ikkje noko. Det står at «*han var påliteleg, og dei fann korkje forsøming eller feil hos han.*» (Dan.6,5c)

Så var det nokon som kom på at Daniel trur på noko anna enn-statsreligionen! Dette er det svake punktet! Der kan vi ta han!

Så får dei kongen til å laga eit påbod. Det skal vera ulovleg å be til nokon annan enn kongen! Den som ikkje er med på dette skal kastast for løvene!

Vi skulle jo trudd at Daniel straks

ville «gått under jorden», eller i allefall tagd om si tru.

Nei, som vi les vidare i Daniel 6: Med opne vindauge ber Daniel tre gonger for dagen med bøn og lovprising til den einaste sanne Gud. På kne! Og det går ikkje akkurat stille for seg!

Men motstandarane må ha spionert.

For «*mennene storma inn og fann Daniel medan han bad til sin Gud og kalla på han.*» (Dan.6,12) Daniel vart kasta i løvehola.

### III

Men Gud var med Daniel i den store prøvinga. Han sendte ein engel og lukka løvane sine gap. Daniel vart redda.

Nokre av det finaste i Danielsboka er det som hendte Daniel etterpå. I kap.7 står det:

*«Eg såg i mine nattsyn, og sjå! med himmelskyene kom det ein som var lik ein menneskeson.*

*Han gjekk bort mot den gamle av dagar og vart ført fram for han.*

*Han fekk herskarmakt, ære og rike så alle folk og nasjonar og tungemål skal tena han. Hans herskarmakt er ei evig makt som ikkje skal forgå. Hans rike går aldri til grunne.» (7,13-14)*

*Vi skjørnar at det var Jesus, Menneskesonen, Sigerherren som var med Daniel. Han vil også stå saman med dei som vil halda seg til Guds Ord i dag.*

*Ta også med dette ordet som meditasjon fram til, gjennom påskehøgtida-og i alt som skjer.*

[sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)

Frist for stoff til nr 3/12 er 2.mai



ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik

I redaksjonen: Odd N. Thormodsæter, Hogne Berland og Anders Vik

Kontingent: Min. kr 125,- innan kommunen

Min. kr 175,- utanom kommunen

Takkeannonser: kr 100,-  
Kontonr. 3628.07.02557

Trykk: Bodoni

Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

### Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje

Postadresser: Boks 144, 5331 Rong

Telefon: 5638 2240

Faks: 5638 2241

Vakttelefon prest: 5638 2244

E-post: kontor@kyrkja.net

Heimesider: www.kyrkja.net

Ekspedisjonstid: mandag – fredag: 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong

E-post: kontor@kyrkja.net

### Barne- og ungdomskonsulent:

Hogne Berland

E-post: pedagog@kyrkja.net

Telefon: 9868 3424

### Kantor:

Anne Lise Grøm  
kantor@kyrkja.net  
5638 2245/9188 1208

### Sokneprest:

Svenn Martinsen  
sokneprest@kyrkja.net  
5638 2244/9506 7890

### Diakonimedarbeidar:

Bjørg Blom  
E-post: diakon@kyrkja.net  
Tlf. 4781 6181

### Kyrkjeverje:

Olav Martin Vik  
kyrkjeverje@kyrkja.net  
5638 2243/9326 4400

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197

### Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Janesh Amena 958 23 472

### Blomvåg kyrkje:

5638 7022

### Hjelme kyrkje:

5638 8030

### Råda:

### Øygarden sokneråd og

### Øygarden kyrklege fellesråd:

Leiar: Erling Vik

Beredskapsordning for Vesthordland prosti

Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som for 5638 2244.

”

Husk alle konger frem på rad  
i all sin makt og velde,  
de maktet ei det minste blad  
å sette på en nelde.”

Det minste gress jeg unger  
i skoger og i daler,  
hvor skulle jeg vel visdom få

*Just som jeg er,- ei med et strå  
av egen grunn å bygge på, jeg  
uforskylt må nåde få  
og kommer o Guds Lam,  
til deg*

Hva skal jeg sie når mitt sinn  
i havets dype grunner  
kan kun så lite skue inn,  
og ser så mange munner!

Hva skal jeg sie når jeg ser  
hvor stjernehæren blinker,  
hvor mildt enhver imot meg ler  
og meg til

“Iva skal jesie når jeg opp  
til Gud i æden farer  
og ser der blide øyne

Hva skal jeg si om fattig  
kun fattig gud  
O Gud, hvor du din stor,  
din godhet, kraft og ære!

Opp, alle folk på denne jord,  
syng trydetoner sammen:  
Halleluja, vår Gud er stor!  
Og himlen svarer: Amen!

## Just som jeg er

*Just som jeg er,- dog nå jeg tror  
Hva du har lovet i ditt ord. Jeg  
tror jeg tror ditt løftesord Og  
kommer, o Guds Lam, til deg*

Sang og musikk har ikkje nokon særleg stor plass i mitt liv, men dette hindrar ikkje at det er både salmar, songar og viser som gjort sterkt inntrykk på meg. Dei eldste inntrykka er frå tidlege gutedagar. Då mor vaska opp etter middagen, song ho ofte. Eg var ikkje gamle karen før eg kunne «Inga bok er meg så kjær» og «Hin time i Getsemane» utaboks. I allefall 1 vers og koret. Sangboken nr 593 og 664. Ei vise som gjorde sterkt inntrykk var «Å, hvor jeg minnes mitt hjem og min moder» Særleg setningen: «Gutten min ta med deg Jesus på ferden» brende seg fast i sinnet og er eit av dei gode minna etter mor.

På 60-talet ein gong var det ein mø-

teserie i Torsvik bedehus med herrane Folkum og Sønstabø. Då var det nokre lokale husmødre som stod for songen. Den dei song mest, gjerne både før og etter talen var «Just som jeg er, ei med et strå av egen grunn å bygge på. Jeg ufor skyldt må nåde få Og kommer o Guds lam til deg» Sangboken nr 193

På 60-talet høyrdet eg for første gong denne skrämelege haldninga av folk som ikkje hadde teke imot Jesus «Eg er døypt og til og med konfirmert, så eg kjem til himmelen, og så har me ein kjærlig Gud» Dei ensar ikkje Johs. 3,16 eller Johs 1,12 eller som ein har sagt «Om du ikkje vil leva med Jesus her i tida, kor kan du då tru at du vil leva med han i æva».



Denne songen «Just som jeg er» sparka kraftig beina under den sjølv-laga vegen til Himmelen. Den går berre gjennom Jesus Kristus. På desse om lag 45 år som har gått sidan eg høyrdet denne songen, har den ofte kome til meg i tankane. Den gjorde sterkt inntrykk både med med teksten, melodien og framføringa. Dei som framførde den er vel alle borte. Minna lever og det gamle evangeliet er like nytt og aktuelt i dag. Det synet songen i seg sjølv som vart skriven i 1834-35 av Charlotte Elliott og Sangboken kan fortelja at ho var engelsk sangforfattar.

Om denne sangen ikkje vert rekna for ein salme (kan vel diskuterast), ønskjer eg at dei som les dette skal ta den til seg til ettertanke, rettleiing og oppmuntring. Ønskjer Guds velsigning og oppvakning over Den Norske Kyrkja og alt godt for Den Norske Kyrkja i Øygarden.

Til neste Øynytt utfordrar eg Kåre Torsvik i Knappen på Vik.

Daniel Torsvik

## Gamalt biletet frå Øygarden.

Ungdom på Hellesøy  
tidleg i 1950 åra.

Frå venstre: Johannes Hellesøy (i Dalen),  
John Knappen, Norvald Hetlevik og  
Johannes K. Hellesøy




# ÅRSSTATISTIKK 2011 FOR BLOMVÅG OG HJELME SOKN

(tal for 2006-2011)

Type	Sokn	2006	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Døypte</b>	<b>Blomvåg</b>	32	41	41	34	19	34
	<b>Hjelme</b>	7	10	15	9	27	17
<b>Konfirmantar</b>	<b>Blomvåg</b>	48	48	45	46	0	37
	<b>Hjelme</b>	15	15	10	13	59	14
<b>Vigde</b>	<b>Blomvåg</b>	6	7	5	10	2	17
	<b>Hjelme</b>	1	0	1	5	7	3
<b>Gravlagde</b>	<b>Blomvåg</b>	33	21	16	26	8	19
	<b>Hjelme</b>	14	16	15	10	31	13
<b>Innmelde</b>	<b>Blomvåg</b>	0	1	0	1	1	2
	<b>Hjelme</b>	0	2	0	0	0	0
<b>Utmelde</b>	<b>Blomvåg</b>	6	8	3	5	1	4
	<b>Hjelme</b>	0	1	2	0	4	0
<b>Gudstenester søn- og helgedagar</b>	<b>Øygarden</b>	<b>64</b>	<b>62</b>	<b>69</b>	<b>63</b>	59	62
<b>Andre gudstenester</b>	<b>Øygarden</b>	16	11	12	17	17	17
<b>Nattverdgudstenester</b>	<b>Øygarden</b>	51	41	41	38	36	39
<b>Gudstenestedeltaking</b>	<b>Blomvåg</b>	5262	4974	5386	5009	2990	4352
	<b>Hjelme</b>	3506	3190	2825	2751	4058	2966
<b>Gudstenestedeltaking gj.sn</b>	<b>Øygarden</b>	<b>110</b>	<b>112</b>	<b>101</b>	<b>97</b>		92
<b>Nattverdgjester</b>	<b>Blomvåg</b>	1167	1053	970	931	645	957
	<b>Hjelme</b>	960	689	626	667	894	550
<b>Kyrkjeoffer</b>	<b>Blomvåg</b>	101236	101100	94028	101369	88645	106702
	Av dette til eige arbeid	35345	20516	27092	23325	18139	23483
	<b>Hjelme</b>	88041	83702	82028	83376	87803	9t7172
	Av dette til eige arbeid	23821	24564	19339	20112	25242	20593

## Bibel til 5. klassingar

<b>Blomvåg</b>	43 born
Toftøy skule	19 born
Rong skule	11 born
Blomvåg skule	13 born
<b>Hjelme</b>	13 born



## INFORMASJON FRÅ KYRKJEVERJA

### Ny gravplass i Hjelme

Arbeidet med å planleggja ny gravplass i Hjelme har starta. Det er Riss Landskap som skal stå for planlegginga saman med fellesrådet og Øygarden kommune. Anne Irgens i Riss Landskap hadde også planarbeidet med Blomvåg nye gravplass for nokre år sidan.

Framdriftsplanen er avhengig av investeringsmidlar frå kommunen.



### Blomvåg gamle gravplass

Kyrkjeverja har bedt kommunen om å vurdera eit prosjekt som går på å heva og ordna dei nordlege felta på Blomvåg gamle gravplass. Eit slikt tiltak vil gjera den delen av gravplassen meir tiltalande, ikkje minst for pårørande.

### Fjerning av kransar og blomar etter gravlegginga

Kyrkjeverja gjer merksam på at det er pårørande sitt ansvar å rydda bort kransar og blomar etter gravferda. Dette er eit privat tilhøve og kyrkja sine folk kan koma i skade for å rydda før pårørande meiner at det er rett tid å gjera det.

### RYDDING PÅ GRAVPLASSANE ETTER VINTEREN

Våren er her og det er på tide å rydda på gravplassane etter vinteren.

I veke 13 (26.-30. mars) vil våre folk rydda bort kransar m.m. frå gravene.

Kyrkjeverja

### Velkommen til Gospel Night v/ Gospel Teens



## BARNEHAGEN PÅ TOFTØY ER I RUTE!

Grunnmuren til den nye barnehage er ferdig til påske.

Byggearbeidet startar over påske.

Barnehagen skal stå ferdig i slutten av året. Det er NLM barnehager AS som byggjer og skal driva den nye barnehagen som har 6 avdelinger og plass til 100 born. Prislappen er på 30 mill.

Hovedstyreformann Lars Gaute Jøssang i NLM inspirerte arbeidet i mars, og var nøgd med det han såg av blant anna infrastruktur i tilknytning til barnehagen.



Hovedstyreformann i NLM Lars Gaute Jøssang, leiar for styret i NLM barnehage AS Øygarden Jacob Blom , og Oddvar Risøy styremedlem

## NYTT FRÅ SOKNERÅDET

V/ Olav Martin Vik

### Årsmøte 2012 vert søndag 22. april i Hjelme kyrkje

Soknerådet har bestemt at årsmøtet for kyrkjelydane i Øygarden vert søndag 22. april, i Hjelme kyrkje, umiddelbart etter gudstesta.

### Facebook

Soknerådet sluttar seg til kyrkjeverja si tilråding om å ta i bruk Facebook som ein kommunikasjons- og informasjonskanal for kyrkja i Øygarden, som eit supplement til nettsida og ØyNytt.

### Invitasjon frå INRI om fellesarrangement

Soknerådet er positiv til ein samtale med INRI og andre forsamlingsar i Øygarden om eit fellesarrangement våren 2012, likt oppleget som INRI hadde i november 2011. Då vart det arrangert ein lovsongskveld i kulturhuset på Rong.

### Ny gudstenesteordning

Onsdag 8. februar var sokneråda i Vesthordland prosti samla til ein kurskveld i høve den nye gudstenesteordninga som skal nyttast seinast frå desember 2012. Frå Øygarden møtte heile soknerådet, kantor og kyrkjeverje. Det vart m.a. gjennomført ei minigudsteneste der noko av det nye oppleget vart brukt.

Arbeidet med å koma fram til lokale ordningar for gudstesta vil ta mykje av soknerådet si tid utover våren og ettersommaren.

## PÅSKEEVANGELIET: FAKTUM OG BODSKAP

Det kan vera perler i konfirmanttimane. Eg bad ein gong ein konfirmantklasse lesa om Jesu oppstode i 1Kor. 15. Så skulle dei fortelja meg kva som gjorde sterke inntrykk på dei. Dei fleste var samde - «Så viste han seg for meir enn fem hundre truande sysken på ein gong -» Tenk at så mange såg Jesus etter påskedag. Ein konfirmant braut ut av fellesskapet. Eg synest det er sterkare det som apostelen seier etterpå, var hans lune konklusjon. «Dei fleste av dei lever enno, men nokre har sovna inn.» Tenk at Paulus vågde å seia det, var guten si undring. Dei fleste lever enno, sa apostelen. Då måtte Paulus vera sikker. Han kunne jo kontrollerast!

Av Karl Johan Hallaråker

### Konfirmanten har rett

Bibelen fortel om Jesu oppstode som eit kontrollerbart faktum. Dei fleste levde då apostelen skreiv. Det var ikkje eventyr, men fortald og kontrollert av augnevitne til hans oppstode. Faktumet kviler på den tomme grava og dei som møtte han levande mellom seg etterpå.

### Jesu oppstode er eit faktum

Ja det gjeld heile påskedramaet frå inntoget i Jerusalem, det siste måltidet, vandringa over Kedron og inn til angst og svik i Getsemane. Det same var Via Dolorosa og krossfestinga mellom to røvarar på Golgatahøgda. Sanneleg var det handfaste fakta, realitetar som ingen kan tilbakevisa. Men gjennom oppstoda den tredje dagen lyser desse fakta imot oss som guddommeleg bodskap:

- Ved si oppstode prova Jesus å vera Guds veldig son. Han var verkeleg den Han gav seg ut for å vera.
- Ved si oppstode skaffa han til vegars soning for alle våre synder. "I hans grav i

*haven der er min synd begraven.»*

- Ved si oppstode stadfesta Jesus sigeren over døden og djevelen. Han har verkeleg all makt i himmelen og på jorda.
- Ved si oppstode stadfestar Jesus at som Han sto opp i herleidom, skal alle truande i livssamfunn med Han, stå opp til æveleg liv. Det er link mellom Hans oppstode og vår. Gud vere hoglova i all æve!

Vår kristne tru byggjer på realitetar. Påsketekstane fortel at vantrua byggjer på det vaktmennene såg i sørvene (Sic!). Sei at "læresveinane hans kom om natta og stal han medan de sov." Alternativa er klare!

### Påskedagskapitlet

#### sluttar med to konklusjonar:

"Gå ut og gjer alle folk til mine læresveinar.... Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står". Båe konklusjonane gjeld framleis. Til Emmausvandrarane gav Jesus tydeleg beskjed: I Hans namn



skal omvending og tilgjeving for syndene forkynnast for alle folkeslag. Herren følgjer sine. Vi går i krafta frå Hans oppstode.

**God påske til alle i Øygarden!**



Korset på Vetahaugen over Moster gamle kyrkje.

### MISJONSHELG FOR ISRAELSMISJONEN:

#### GENERALSEKRETÆR ROLF GUNNAR HEITMANN TIL ØYGARDEN

Vik bedehus blir samlingsstaden for Israelsmisjonsvener siste helga i april. Då skal Bergen krins ha misjonsstemne med krinsårsmøte og inspirasjonssamling.

Stemnet startar laurdag 28. april kl. 12.00.

Avslutninga blir møte på søndag kl. 11.

I løpet av desse dagane ønskjer vi å sette fokus på det misjonsarbeidet som Israelsmisjonen er engasjert i, først og fremst i Israel, men også i forskjellige land i Aust-Europa.

Vi vil vise ferske bilete frå Israel, og forsøke å opprette direkte kontakt med nokre av misjonen sine medarbeidarar i landet. Hovudtalar denne helga blir generalsekretær Rolf Gunnar Heitmann. Han er opphavleg frå Blomsterdalen i Bergen, og har vore toppleiar i organisasjonen sidan 1997. I bedehusforsamlinga på Vik er det mange

gode misjonsvener. Desse vil syta for at dei praktiske tilhøva blir lagt vel til rette.



Så vonar vi at mange frå heile Øygarden vil nyitta dette høve til å bli betre kjend med Israelsmisjonen, og lytta til solid og god forkynning. Velkomne til Vik bedehus laurdag 28. og søndag 29. april!

*Odd Bjarne Skogestad*



Den Norske Israelsmisjon

### INGOLF SOLSVIK TILSETT I DISM

Ingolf er tilsett som konstituert dagleg leiar i Den Indre Sjømannsmisjon i den tida Roald Øvrebø er sjukemeldt.

Kyrkjekontoret ønskjer Ingolf lukke til i denne tenesta!



# BARNE- OG UNGDOMSSIDER

Utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4åringar i Blomvåg kyrkje:

## «Korset er nøkkelen til himmelen»

Tekst og foto: ONT



Korset er nøkkelen til himmelen. Dette var ein setning som gjekk att under preika til Svenn Martinsen i Blomvåg kyrkje 19. februar.

Barna vart utfordra til å finna kors-symbolet fleire stader i kyrkja. Mange hender var oppe for å fortelja presten kor dei hadde oppdaga korset.

Alle var med på at vegen til himmelen går via Jesus sitt kors.

Engasjerte 4åringar fekk også koma fram og ta imot «Mi kyrkjebok». For nokre var det litt skummelt å gå fram åleine. Då var det godt å ha ei trygg voksen hand å halda i.

Det var Ingebjørg Martinussen og Kari S. Rong som stod for utdelinga.



### Tilbod til liten og stor i Øygarden

#### Øygardskoret

Syng alt frå kyrkjemusikk til viser. Øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje kl. 19.30-21.30.

Kontaktperson: Anne Lise Grøm (91881208)

#### Barnekantoriet

2.-4. klasse øver kvar fredag på Alvheim skule frå 13.45-14.20.

5.-7. klasse øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje frå 13.15-14.00.

Kontaktperson: Anne Lise Grøm (91881208)

#### Gospel Teens

Gospelkor for deg mellom 10 og 18 år. Øver annankvar tysdag i partalsveker i Blomvåg kyrkje frå 17.30-19.30.

Kontaktperson: Olaug Rong (97194484)

#### Ichtys

Ungdomssklubb på Vik bedehus for ungdom frå 8 klasse. Andakt, lovsong, kafé og underholdning. Annankvar lørdag i partalsveker frå kl. 20.30-23.00. Kontaktperson: Therese Dale (46450862)

#### Plussklubben

Klubb for 5.-8. klasse for heile Øygarden. Samlast ein onsdag i månaden på Oen bedehus frå kl. 19.00-21.00. Lappar vert levert ut på skulane.

Kontaktperson: Linn Andersen (99243379)

#### KRIK

Idrett og andakt. Toftøy skule kvar fredag frå kl. 19.00-21.00.

Kontaktperson: Martin Jonas Hellesund Nakken (92646561)

#### Eldretreff på Tednebakkane

Ein torsdag i månaden i kantina på Tednebakkane frå kl. 16.30. Kontaktperson: Bjørg Blom (47816181)

#### Eldretreff i Hjelme kyrkje

Ein onsdag i månaden i kyrkja frå kl. 16.45. Kontaktperson: Bjarne Skjold (48144284)

# BARNE- OG UNGDOMSSIDER

## Ein kveld på KRIK

Kvar fredag er det KRIK i gymsalen på Toftøy gamle skule. Vi tok oss ein tur dit for å prate med det nye KRIK-styret og finne ut kvifor folk kjem på KRIK!

Tekst: Høgne Berland Bilder: Lise Marie Dale og Isabelle Sagstad Kristiansen

Når vi kjem inn i gymsalen rett over kl. 19 er allerede nokre gutter i gang med å spenne ball i salen mens andre samler seg på scena. Det tar litt tid før dei kjem i gang, men etter ei stund forklarer dagens leder Ingrid Onstad at det blir kanonball til oppvarming i dag, etterfulgt av fotball, andakt og basketball. Det er for det meste gutter som er aktive på bana, mens jentene og gutter som skylder på diverse skader stort sett er publikum og sit og prater på scena. Når vi spør nokre jenter om dei ikkje har lyst å vera med, svarer dei at det er kjekkest å «henge» på scena. På scena er det også ein liten kiosk som sel litt brus og sjokolade. Vi set oss ned i kiosken og spør nokon av deltakarane kvifor dei går på KRIK. «Fordi det er kjekt», sva-

og så tenker eg også av og til at eg burde gå i kyrkja og høre meir om Jesus. For det vil eg jo også. Då er det kjekt med KRIK der ein kan både ha det gøy og treffe venner og høre om Jesus.» Mathias Nordøy er også ein gjengangar på KRIK. «Eg synes det er veldig sosialt og så er eg glad i idrett. Det er også viktig for meg at det er andakt her sidan eg er kristen.»

Det har vore ein periode no utan eit fast styre i KRIK, men etter nyttår vart det sett saman eit nytt styre som har lagt ein plan for våren og for KRIK framover. Vi spurde Kristoffer Straume Lyslo kvifor han sa ja til å vera med i styret. «Eg har gått på KRIK ei stund og syns det virka gøy å få vera med og

styre litt». «Er det viktig for deg at dette er ein kristen klubbb?» spør vi. «Ja, det er det, for eg er kristen sjølv. Mange synes det er gøy å samlast her og då det bra at dei samtidig får høre frå Bibelen.»

Styreleiar for det nye styret er Martin Jonas Hellesund Nakken. Han er ein opptatt mann denne fredagskvelden og driv med alt frå å låse opp dei rette dørene til å sette opp kiosken, samtidig som han er med og spelar fotball og basketball. Men innimellem tar han seg tid til å svare på

nokre spørsmål frå oss:

- Kva skjer på ei vanleg KRIK-samling, Martin Jonas?

«Vi arrangerer ulike aktivitetar med andakt i mellom. Målet er at det skal vera sosialt, samtidig som folk skal læra meir om Gud.»



- Kva er vitsen med å drive eit KRIK-lag i Øygarden?

Dette skal vera ein bra hengeplass ein fredagskveld. Då held kanskje ungdommane seg vekke frå andre, mindre bra aktivitetar. Dette skal vera ein moglegheit til å bruke fredagskvelden til noko nyttig!

- Kvifor ville akkurat du engasjere deg i KRIK?

«Det var ein kompis av meg som dreiv dette før og då han skulle slutte, fekk eg spørsmål om å overta. Eg tenkte det var dumt hvis KRIK skulle verta lagt ned. Eg har ikkje vore kristen så lenge, men tenkte at dette kunne vera ei oppgåve der det var bruk for meg.»

- Kven kan komma på KRIK og kor mange pleier vera her?

«Det er veldig varierande kor mange som er her, alt i frå 10-40 stykker. Det vanlege er mellom 20 og 30. Her er alle frå 8. klasse og oppover velkommen. Dei eldste som går her er 18 år.»

Etter at siste basketballmål er scora, trekker dei fleste ut av gymsalen for å rekke bussen som går nordover fem over ni. Martin Jonas får med seg nokre hjelpsomme hender slik at gymsalen og garderobane vert vaska før dei läser. Klokka 21 er lyset slukka og alle mann ute og det er ei veke til neste gong...



Det nye KRIK-styret f.v.: Pauline Torsvik, Ingrid Onstad, Martin Jonas Hellesund Nakken og Kristoffer Straume Lyslo. Miriam Torsvik var ikkje til stades då bildet vart teke.

rer Erlend Ellingsen raskt. Han er ein av dei faste KRIKarane.

«KRIK er ein koselig stad å tilbringe fredagskvelden», meiner Ada Martine Fagerholt som konfirmant i år. «På fritida mi tenker eg at eg vil gjera gøye ting



# BARNE- OG UNGDOMSSIDER

## 5. klasseleir

17.-19. Januar var det endeleg 5. klassingane sin tur til å innta vår kjære leirplass, Skjergardsheimen. Ein fantastisk gjeng med mykje energi og mange talenter, gjorde dette til ein svært innholdsrik og gøy leir.

Tekst: Sarah Guntveit Bilder: Therese Dale

Tema for leiren var «Bibelen», og vi har gjennom bibeltimar og andakter høyrd om kva Bibelen er, kva den inneholder og om nokre viktige personar i Bibelen. Borna var ivrige etter å lære, og på bønnesamling og delekveld vart vi ledarar rørt til tårer av det dei hadde å koma med. Stemningen stod i taket frå morgen til kveld, og engasjementet var stort. Takk til kvar enkelt som tok turen til Skjergardsheimen denne helga, det var svært kjekt å bli kjend med dykk alle! Håper vi sjåast snart igjen!



## SPRELL LEVANDE I BLOMVÅG



To ivrige fiskarar prøver å få fisk under preika i Blomvåg kyrkje 18. mars. Men det vert ikkje natt før dei vart rettleia av Jesus til å kaste ut av den andre sida av båten!

Vi fekk høre at det er både viktig og lurt å gjere det Jesus seier til oss, sålv om det ikkje alltid virker logisk der og då.

# BARNE- OG UNGDOMSSIDER

## Dåpsskulen

Kvart år arrangerer kyrkja dåpsskule for 6-åringane. I år hadde 11 håpefulle og skuleklare born meldt seg på kyrkja sin «førskule».

Tekst: Hogne Berland Bilder: Kari Rong

Dåpsskulen gjekk over fire kveldar i Blomvåg kyrkje med ein skuletime kvar kveld. Her fekk borna lære om alt frå skaping til påske og pinse. Det vart også tid til litt hobbyaktivitetar og siste skuletime vart avslutta med at kvar elev fekk planta eit trusfrø i ei sjølvmåla krukke. 6-åringar har mange spørsmål, og lærarane på dåpsskulen i år måtte prøve å svare på alt frå

«Kor er doen?» til «Kor blir sjela av når vi dør?». Søndag 18. mars var det offisiell avslutting av dåpsskulen der elevane deltok med flott song i gudstensta og fekk utdelt boka «Den usynlege venen». Til deg som er 5 år i år: Gjer deg klar for dåpsskule til neste vår!



## KONFIRMANTLISTER

### Laurdag 28.04 (Blomvåg)

Christoffer-Magnus Malmedal Alden  
Camilla Blom  
Ada Martine Fagerholt  
Marius Heimark  
Ruben Kallestad Heggøy  
Robert Torsvik Jacobsen  
Martin Torsvik Kuven  
Kristoffer Straume Lyslo  
Nina Marielle Lønøy  
Martin Oen  
Synnøve Olsen  
Espen Rong  
Alexander Theodor Thorsen  
Karoline Torsvik  
Pauline Torsvik  
Vilde Fjeldstad Widding  
Kristoffer Rong

### Søndag 29.04 (Blomvåg)

Alexander Breivik  
Ruben Steen Dale  
André Nysæter Gerhardsen  
Robin Grundvåg  
Fredrik Engeberg Kuven  
Torger Toft Larssen  
Marte Grundvåg Rong  
Anders Marius Skråmestø  
Robert Egil Skråmestø  
Isabel Thomassen

### Laurdag 05.05 (Blomvåg)

Malene Rong Dale  
Adrian Helland  
Hanne Ingebrigtsen  
Kjell Magnus Haugen Jonas  
Thomas Magnus Lloyd  
Madeleine Hjeltnes Magnesen

Ingrid Onstad

Marcus Dale Rong  
Kristine Helen Sætenes  
Anna Lena Misje Toftevåg  
Kristina Olsen Torsvik  
Miriam Mee Torsvik  
Ingrid Helen Borsholm Vik

### Søndag 06.05 (Hjelme)

Benedicte Alvheim  
Sonia Pedersen Bell  
Sander Breivik  
Endre Dåvøy  
Kristian Fjeldstad  
Anna Magdalena Hellesund  
Daniel Mehl  
Amalie Semshaug  
Michell Skjold  
Sunniva Busch Ullaug

# HURTIGSKOLAR GIR BARN EIN NY START

- Kan de seie meg eit ord som begynner på «m»? spør læraren. Mange hender fyk i været. - Messi, svarar ein gut. Namnet til den argentinske fotballspelaren er tydelegvis kjent blant smågutar i Vest-Afrika og.

Tekst og foto: Ole Andreas Husøy, KPK

Vi er i ein liten murbygning i ein forstad i Malis hovudstad Bamako. I bygningen held ein «Speed School» (hurtigskole) til. Ideen til Speed School-konseptet kom frå ein av Strømmestiftelsens lokale samarbeidsorganisasjonar i Mali. Dei begynte med hurtigskolar i det små i 2004.

Strømmestiftelsen kom på banen i 2005 og har sidan vore med å vidareutvikle konseptet. Skolane er blitt ein suksess i fleire vestafrikanske land.

## Ny skolestart

Ideen er å få barn som har droppa ut av skolen, eller som aldri har fått begynne på skolen, inn i det ordinære skolesystemet. Opplegget, som er for barn i alderen 8-12 år, inneber eit intensivt opplegg i ni månader, frå oktober til juni. Etter desse ni månadene går elevane opp til ei opp-taksprøve. Dei som består prøva, og det gjer dei aller fleste, får begynne i fjerde klasse i den offentlege skolen. Hurtigskolane følgjer eit litt anna pedagogisk opplegg enn vanleg skole. Dei som skal undervise i desse skolane får ein månads kurs på førehand, og får dessutan oppfølging underveis, blant anna gjennom samlingar for lærarar som underviser ved hurtigskolane og frå inspektorar som besøkjer skolane og følgjer undervisinga.

## Motiverte elevar

Læraren, Seydou Keita, er eigentleg utdanna ingeniør. Han forklarer elevane forskjellen på bokstav, ord og setning.

- Kan nokon seie ei setning som inneheld bokstaven «m»?

Mange hender i været. Elevane er ivrige etter å svare.

- Mamadou er i hagen, svarar ein elev.

- Mariam er på veg til marknaden, svarar ein annan.

Elevane må også skrive bokstaven «m» på sine små tavler. Nokre skriv riktig fint. Andre har problem. Dei får kome fram til den store tavla kor læraren rettleier og hjelper dei til å få sving på «m»-en.

## Suksess

Utdanning og mikrofinans er hovudsatsinga til Strømmestiftelsen. Hurtigskolane er blitt ein suksess, og ein viktig dørropnar for mange barn inn i det offentlege skolesystemet. Over 9000 barn fekk gå på hurtigskole i Mali i 2010.

Tek ein med landa Burkina Faso og Niger, er ein nesten oppe

i 14000. Av dei 9189 maliske barna som gjekk i hurtigskole i 2010, vart 7593, dvs. nærmere 83 prosent, overførte til det ordinære skolesystemet etterpå.

## Avtalar med styresmaktene

På bakgrunn av dei gode erfaringane, har statlege styremakter i dei tre vestafrikanske landa inngått avtalar med



Læraren Seydou Keita har god kontakt med elevane

Strømmestiftelsen. Styremaktene i dei tre landa ser hurtigskolane som eit viktig verkty for å nå tusenårsmålet om skole til alle innan 2015. KPK

-din el-kontakt

**VESTGÅRDELEKTRO**

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: post@vestgarelektr.no  
www.vestgarelektr.no

## Kort nytt frå KPK

### Tru er populært på radio

Mellan himmel og jord hadde ein marknadsdel på 57 prosent i 2011. Lyttartala fortel at 539 000 radiolyttarar er innom i løpet av søndag foremiddag, melder avisa Dagen. Til samanlikning har programmet Her og nå rundt 568 000 lyttarar.

- Gledeleg og interessant, seier dagleg leiar Jarle Haugland i Familie & Medier om lyttartala.

- Det er ikkje rart at Mellom himmel og jord har mange lyttarar, for det er eit godt program som har utvikla seg i positiv retning i den siste tida, seier kanalsjef Jon Branæs i ein kommentar.

Radiolyttar-tala frå i fjor viser at Radiogudstenesta har eit lyttartal på 424 000, Mot helg på fredagar 370 000, Morganandakten 363 000 og Salmer til alle tider på sundagskveldane 153 000 lyttarar. KPK

### Vigslar reddar økonomien

Fleire sjømannskyrkjer ville gått med store underskot utan inntektene frå bryllaup, skriv Sjømannskirkens blad Bud & Hilsen.

Ved fleire sjømannskyrkjer kan meir fokus på vigslar vere ein av fleire måtar å auke lokale inntekter. Etter at det for nokre år sidan vart avdekt store prisforskjellar frå sjømannskyrkje til sjømannskyrkje, bestemte Sjømannskirken i 2010 å innføre ein standardisert pris på 4000 kroner for ein vigsel. Prisen vart i fjor justert opp til 4500 kroner.

I perioden 1998 til 2008 vart talet på vigslar i sjømannskyrkjene tre-dobla. 1327 norske par vart vigde i ei av dei norske sjømannskyrkjene i rekordåret 2008. Men dei siste tre åra har talet på vigslar i sjømannskyrkjene gått ned med 27 prosent. KPK

### Ny runde med Bridgebuilders

Israelsmisjonens ungdomsorganisasjon, return2sender, er klar for ein ny runde med prosjektet Bridgebuilders, der kristne ungdomar frå Israel og frå det palestinske området møtest, saman med norske ungdomar.

Bridgebuilders er eit freds- og forsoningsarbeid, og arrangørane har tru på at Bridgebuilders kan bety en forskjell i deltakarane sitt liv. Del 1 går av stabelen på Vaulali Leirstad i Rogaland med etterfølgjande seminar og kyrkjelydsbesøk i Stavanger kris 3.-11.august. Del 2 finn stad i Israel, Vestbreidda og Jordan påska 2013. Dagane på Bridgebuilders vil innehalde relevant undervisning, uforgløymelege opplevelsar, nye venner og herleg fellesskap.

Nytt denne gong er at ein samarbeider med Bibelskolen i Grimstads nye linje World Wide Walk. KPK

### Camerons favorittvers

Filipparbrevet 4, 8-9 er den britiske statsminister David Camerons favorittord i Bibelen. Cameron er ein av 20 000 kjendisar som bidreg i ei komande bok.

Dette er eit ledd i markeringa av at det er 400 år sidan King James-utgåva av Bibelen vart gitt ut.

I Filipparbrevet 4, 8-9 skriv apostelen Paulus: *Til slutt, sysken: Alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, ja, alt som er til glede og alt som fortener ros, legg vinn på det! Det som de har lært, og det de har teke imot, det de har sett og det de har hørt av meg, gjer alt dette – og fredens Gud skal vera med dykk.*

Ifølgje Downing Street valte Cameron desse bibelversa fordi dei inneheld ein sentral bodskap i Bibelen om å velje det gode i tilværet og hjelpe kvarandre så mykje vi kan. KPK

### Billy Graham på topp

I ei spørjeundersøking i USA vart folk nyleg spurde om kva for ein kristen leiar som har størst innflytelse i landet. 19 prosent svarte evangelisten Billy Graham. 9 prosent svarte pave Benedikt, 8 prosent president Barack Obama og 5 prosent svarte pastor Joel Osteen. Dei spurde vart ikkje gitt nokon namn dei kunne velje blant. 41 prosent av de spurde hadde ikkje noko svar, skriv magasinet Christianity Today. KPK

## Bli med på «Venner - Vennerstur» til Israel!



Turen går i perioden 26. sept. - 6. okt. med direktesfly tur retur Bergen.

Rundturen i Israel vert avslutta med fire netter i Eilat. Herifrå vert det høve til dagstur til Petra i Jordan.

Nokre få ledige plassar.  
Interessert? Ta kontakt med reiseleiar Odd N. Thormodsæter, tlf. 990 16 616, e-post: othormo@online.no

## Årsmøte

### For Hjelme og Blomvåg sokn

#### Søndag 22. april i Hjelme kyrkje etter gudstenesta

Soknerådet inviterer kyrkjelydane til årsmøte for informasjon og samtale om arbeidet.

#### Saker:

- Årsmeldingar og rekneskap
- Samtale om arbeidet

Me ynskjer alle velkommen til årsmøtet.

#### Erling Vik

- leiar -

## Samlingar i påska

### Palmesøndag 1. april:

Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen.

Dåp. Nattverd

INRI - Rong bedehus kl. 16:30

Tale v/ Glenn Nord-Varhaug.

Søndagsskule og SøndagsRing

Småmøte v/ Ingolf Solsvik

### Vik bedehus kl. 19:00

### Skjærtorsdag 5. april:

Vik bedehus kl. 10:00

Påskefrukost. Tale v/ Jorunn og

Osvald Hindenes, NLM

Nattverdsgudsteneste

v/ Svenn Martinsen

### Hjelme kyrkje kl. 19:00

### Langfredag 6. april:

Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Pasjonsgudsteneste v/ Egil Hjortland

### 1.påskedag 8. april:

Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Svenn Martinsen. Dåp.

Nattverd

Vik bedehus kl. 11:00

Storsamling m søndagsskule. Tale v/

Christian Skoge, NhI.

### 2.påskedag 9. april:

Blomvåg kyrkje kl. 19:00

Kvelsgudsteneste v/ Svenn

Martinsen. Nattverd

## Tilbod til menn i Øygarden:

### Mannsgrupper i ein økumenisk setting

Eit kristent fellesskap. Husgruppene er for menn i alle aldrar som ynskjer å ha eit kristent fellesskap. Me samlast annankvar veke (oddetalsveker) heime hos nokre i gruppa kl. 20:00-23:00. Me et i lag, les i Bibelen, ber i lag (dei som ynskjer det). Gruppene er ikkje ein del av kyrkja (DNK) eller andre forsamlingsar i Øygarden, og dei som tar del kjem frå ulike samanhengar og tradisjonar.

Kontakt. Om du lurar på om dette er noko for deg så ta kontakt med Reidar Vik reidhardr@gmail.com så kan han hjelpe deg vidare. Om du kallar deg truande eller ikkje, men har behov for nokon du kan spørja om dette som har med Gud og Jesus å gjera så å gjerne kontakt.

# Kjøp kjapt, trygt og billig

## KIWI **mini pris**

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



**Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09**

**Adr. Pålsneset, 5337 Rong**

**[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)**

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldtbord og snittar.

**Tlf. 56 38 93 80**



**Åsane Begravelsesbyrå AS**  
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgrt. 11, 5007 Bergen

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

E-post: [post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

*Vår erfaring - din trygghet*

*Her er plass til  
annonsering!*

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



**Bjørn Solheimslid**  
5336 TJELDSTØ  
**Tlf. 5638 9534 / 4004 1045**



Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYÅR

- En del av Koba Christensen gruppen

*Ditt begravelsesbyrå på Sotra.*

*Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.*

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**TLF 56 32 08 90 hele døgnet**

Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )





# Sparebanken Vest

– satsar på Vestlandet



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR**

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20



**EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40



Catering:

- Snitter
- Koldtbord
- Varm Mat
- Baguetter
- Koltallerken
- Kaker

**Rong Kafe a/s**

Tlf.: 56 38 74 54



Vi kan tilby 12 rørs solhimler  
eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
tlf.: 56 38 74 54 Kvelld: 56 38 73 22



Mobil: 918 56 258

Vi formidlar blomster til innland og utland



**INTERFLORA**

**Blomsterbua**

Rong Senter

Telefon: 56 38 92 65

Postboks 107, 5331 Rong

**Vest Modul AS**  
**5336 Tjeldstø**

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og uteleie av brakker



Normann 958 19 905

Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Torsvik**  
**ELEKTRO**

**Tlf. 56 38 50 00**  
**Vakttelefon: 922 34 062**

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

Øygarden hud &  
kroppspiele skifter  
navn til

**LT hudpleie**

Og har flyttet til  
Ågotnes helsehus.  
Følg oss på facebook.

Velkommen til nye lokaler!  
Tlf 5638 9515



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiaftale
- Gass



**BLOM**  
**SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**

Bokhandelen som setter kristen  
litteratur og musikk i fokus



**Bok & Media\* Vestbok**  
**Vetrliksallmenningen 1 5014 Bergen**  
**Tlf: 55 31 79 63**  
**[www.vestbok.no](http://www.vestbok.no)**

## TIL LUKKE!



### 70 år

30. mars Martha Hansine Torsvik,  
Solbakkvegen  
1.april Aud Gunvor Eltvik, Rossnesvegen  
30.april Håkon Fjeldstad, Neset  
18. april Gunnhild Dale, Bårdalen  
25. april Kjell Jostein Kristoffersen,  
Museumsvegen  
29. april Gunnar Austbø, Blomenutvegen  
16. mai Kjellaug Kirsten Herdlevær,  
Hesthøyen

### 75 år

31. mars Nils Martin Hellesund,  
Perhusbakken  
7. april Elin Helene Rasmussen,  
Torsvikhøgda  
11. april Martin Andreas Turøy, Sundevika  
17. april Rigmor Valborg Dale, Flotevegen  
15. mai Otto Kristoffer Oen, Krokhøyen  
25. mai Magnus Vik, Raunholevegen  
25. mai Edvarda Johanne Torsvik,  
Tollbuvegen

### 80 år

1. april Peder Rolf Fjeldstad, Dammane  
16. mai Helene Gurine Hauge,  
Moldbrekkene  
16. mai Rakel Maria Rong, Sundevika  
17. mai Lars Jan Reisæter, Nygardsvegen  
23. mai Per Landro, Raunholevegen

### 85 år

16. april Sverre Rong, Vågsbotn  
17. mai Magnhild Fjeldstad,  
Tjeldstøvegen

### 90 år

2. april Borghild Marie Johannessen,  
Hellesøy  
19. april Aslaug Olufina Magnesen,  
Hattevegen

### Takk

Tusen takk for gaver og blomsterhelsingar til  
min 90års dag.

Helsing Borghild Dåvøy

## DØYPTE

### Blomvåg

- Odin Tresvik Ellingsen, Olsvik
- Ruben Emil Bergstrøm Gjelsvik, Vågsbotn
- Patrick Storemark Hellesund,  
Bårdalslivegen
- Angelica Dåvøy Oppedal, Sturevegen
- Johan Vik, Vik
- Olivia Dale, Myrane
- Patrik Monsen, Veslevarden
- Olivia Rykke, Løtevegen

### Hjelme

- Martin Torsvik Hellesund, Torsvikvegen
- Isabella Nenita Rossnes Helland,  
Skrubbenakken
- Sigrid Elise Sanden, Gjerdet

## DØDE

### Blomvåg

- Gulborg Misje, Bergen f. 1918
- Soher Grøneng, Rong, f. 1980
- Maria Sæle, Ternholmv f. 1915
- Peter Graff-Nielsen, Hildalshaugen f. 1945
- Andreas Blom, Blom f. 1923

### Hjelme

- Eivind Svellingen, Bakkevegen f. 1952



### Minnegåve ved Maria Sæle si gravferd

Dei pårørende ynskte at det vart gitt ei  
minnegåve til kyrkja sitt diakoniarbeid, ved  
gravferda til Maria Sæle. Diakoniarbeidet  
er viktig. Maria Sæle nytta seg av denne  
tenesta.

På vegne av kyrkja i Øygarden takkar eg så  
mykje for pengegåva på kr. 2.190,00.

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

## GUDSTENESTER

### 1.april Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Dåp. Nattverd.

### 5. april Hjelme kyrkje kl. 19:00

Nattverdsgudsteneste v/ S. Martinsen

### 6. april Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Langfredagsgudsteneste v/ E. Hjortland

### 8.april Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Dåp. Nattverd.

### 9. april Blomvåg kyrkje kl. 19:00

Kveldsgudsteneste v/ S. Martinsen.

Nattverd

### 15.april Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse/ Misjonsgudsteneste v/ S.  
Martinsen. Tale v/ Svein Granrud frå  
Normisjon. Fam Sanden deltek. Nattverd

### 19. april Hjelme kyrkje kl. 19:00

Samtalegudsteneste for konfirmantane v/  
Svenn Martinsen og Hogne Berland

### 22.april Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd

### 28. april Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ S. Martinsen

### 29.april Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudst v/ S.Martinsen.

### 5. mai Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ S. Martinsen

### 6.mai Hjelme kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v/ S. Martinsen

### 6. mai Blomvåg kyrkje kl. 17.00

Gospelgudsteneste m/nattverd v/ S.  
Martinsen og Gospel Teens

### 13.mai Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ E.Hjortland. Dåp. Nattverd

### 20.mai Vik bedehus kl. 11:00

Gudsteneste v/ S. Martinsen

### 27.mai Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Dåp. Nattverd.

### 28.mai Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd

## Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP

POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Tom  
Wilson



Heine  
Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no



AVD. BERGEN  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA  
2. etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## BESØK I HEIMEN?

Ønskjer du å få besøk av prest eller diakonimedarbeidar i heimen?

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, så skal vi videriformidla ønsket ditt!

Telefon: 5638 2240.

E-post: kontor@kyrkja.net



**Returadresse:**  
**ØYNYTT**  
**Boks 144**  
**5331 RONG**



## «BARN I GUDS TID»

Søndag 19. februar fekk ei fullsett Blomvåg kyrkje gleda av å vera med på framføringa av barnekormessa «Barn i Guds tid».

Det var Øygarden barnekantori og Øygardskoret, med dirigent Anne Lise Grøm som stod for framføringa.

Dyktige musikarar lagde ei flott ramme om framføringa.

Det var utlevert note/teksthefte slik at forsamlinga kunne ta del på fleire av ledda i messa. Musikken er svært melodiøs slik at det er lett å ta del også for dei som er med for første gong.

Tekst og foto: ONT



Barnekantoriet og Øygardskoret

Dette er ei barnekormesse som vart skriven som tingingsverk til Ung Kirkesang, Agder og Telemark i 2001 og vart framført første gongen i samband med «De Internasjonale Kirkefestspill i Kristiansand.» Det er ei vanleg messe, med vanlege messeledd i ny drakt.

Musikken er laga av Johan Varen Ugland og teksten av Eivind Skeie.

Barnekantoriet i Øygarden var på kortur til Dale i Sunnfjord i fjor vår saman med omlag 130 andre barn frå Hordaland og Sogn og Fjordane, der denne messa vart framført på gudstenesta i Dale kyrkje. Dette inspirerte koret og dei fekk lyst til å framføra messa for kyrkjelydane i Øygarden. For å styrka framføringa syng Øygardskoret saman med barnekantoriet.

Musikarane som tok del er: Øyvind Vedvik, Hanna Ruud, fløyte, Laila Bøen, klarinett, Thomas Lossius, bass og Hermund Rebnord, orgel.

1. søndag i advent i fjor framførte kora den same messa i Hjelme kyrkje. Dei fekk gode tilbakemeldingar og ønske om at dette måtte gjentakast i Blomvåg kyrkje.



Dirigent Anne Lise Grøm



Musikantane i aksjon